

Melding om rett til å klage over forvaltingsvedtak

Avsendar	Fitjar kommune, Postboks 83, 5418 Fitjar
Klageinstans	Statsforvaltaren i Vestland, via Fitjar kommune, Postboks 83, 5418 Fitjar. E-post: fitjar@fitjar.kommune.no
Klagerett	Du har rett til å klage over vedtaket
Kven kan du klaga til	Du kan klaga til klageinstansen, men klagen skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Om ikkje organet endrar sitt vedtak som følgje av klagen, vil den bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd.
Fristen for å klaga	Klagefristen er tre veker frå du først fekk melding om vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt eller sendt elektronisk innan utløpet av fristen. Dersom du klagar så seint at kommunen kan vera uviss på om du har klaga i rett tid, må du opplysa om når du fekk melding om vedtaket. Dersom klagen er sendt for seint, kan kommunen avvisa den. Dersom du har særleg grunn for det, kan du søkja om å få forlenga klagefristen. Du må i så tilfelle grunngje kvifor.
Rett til grunngjeving	Dersom du ikkje allereie har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Slikt krav må setjast fram innan klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist tek til etter at du har motteke grunngjevinga.
Innhaldet i klagen	Klagen skal nemna kva vedtak som blir klaga på, og den eller dei endringar som du ønskjer. Du bør grunngje klagen, og gje eventuelle opplysningar som kan ha påverknad på vurderinga av klagen. Klagen må underteiknast.
Utsetting av vedtaket	Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis bli gjennomført straks. Du kan søkja om å få utsett iverksettinga av vedtaket til klagefristen er ute, eller til klagen er avgjort.
Rett til å sjå dokument og krevje rettleiing	Med visse avgrensingar har du rett til å sjå dokumenta i saka, frå forvaltingsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan du få nærmare rettleiing om klageretten, om korleis du går fram for å klaga, og om reglane for sakshandsaminga elles.
Kostnadar med klagen	Du kan søkje om å få dekka utgifter til naudsynt advokatbistand etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen i Hordaland eller vedkomande advokat kan gje nærmare rettleiing. Det er òg høve til å krevje vesentlege kostnadar i samband med klagesaka dekt, til dømes advokatbistand. Det er normalt eit vilkår at det organ som har gjort det fyrste vedtaket, har gjort feil slik at det vedtaket blir endra. Klageinstansen vil om naudsynt orientera deg om retten til å krevje slik dekking av sakskostnadar.
Klage til sivilombodsmannen	Stortingets ombodsmann for forvaltinga (Sivilombodsmannen) har ikkje høve til å handsama saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom du no får din klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan du difor ikkje seinare bringa saka inn for Sivilombodsmannen.